



Kviteseid kommune – Nissedal kommune
Interkommunalt Landbrukskontor



Landbruks- og matdepartementet

Melding om vedtak

Dykkar ref:

Vår ref:
-15

Saksbeh:
Peter Rieber-Mohn,
peter.riber-
mohn@kviteseid.kommune.no

Arkivkode:
V00

Dato:
24.11.2014

Særutskrift: Høring - Forslag til ny forskrift om tilskot til avløyning ved sykdom og fødsel mv.

Her følger særutskrift av Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift si sak nr. 53/14.

Rett utskrift

Peter Rieber-Mohn
landbruksrådgjevar



Kviteseid kommune

Arkiv: V00
 Saksmappe: 2014/157-8
 Sakshand.: Peter Rieber-Mohn
 Dato: 10.11.2014

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift	53/14	18.11.2014

Høring - Forslag til ny forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv.

Vedlegg:

- 1 Utkast til ny forskrift.

Faktiske tilhøve:

Høringsfristen er 1. desember 2014.

Landbruks- og matdepartementet skriv at det som følgje av jordbruksoppgjeret 2014 skal gjennomførast ei omfattande evaluering av ordninga med tilskot til avløyning ved sjukdom mv. Målet er å gjere ordninga enklare og meir forståeleg for forvaltinga og søkarane. Dette skal gjennomførast innan jordbruksoppgjeret 2016. Det er derfor ikkje foreslått større materielle eller administrative endringar no. Forslaget er likevel nødvendig fordi vi i dag har ei felles forskrift for tilskot til avløyning ved sjukdom mv og ved ferie og fritid. Det er alt foreslått å splitte desse og flytte reglane for tilskot til avløyning ved ferie og fritid til forskrifta for produksjonstilskot i jordbruket. Sidan utkastet i hovudsak er ei vidareføring av gjeldande rett vil det ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

Vurdering:

Til tross for at utkastet i hovudsak vidarefører den ordninga vi har i dag, er det uttrykt frykt for at grunnlaget for avløyningar vil bli svekka. Årsaka til dette er omtalt i høringsnotatet punkt 2.2 der det ma heiter:

"I dag er det kun lønnsutgifter til egen ansatt avløser, utgifter til landbruksvikar eller til avløser ansatt i avløserlag eller -ring som kan danne grunnlag for tilskudd. Denne begrensningen må oppheves på tilsvarende måte som for tilskudd til avløsning ved ferie og fritid for å få en lik håndtering, jf. Prop. 106 S kapittel 7.11.1 og departementets høringsbrev av 9. juli 2014. En oppheving av dagens spesifikke opplisting av hvem som kan levere tilskuddsberettigede avløsertjenester vil gjøre ordningen mer fleksibel ved at det åpnes opp for at disse kan kjøpes fra andre foretak enn avløserlag/-ring. Så lenge tjenesten knytter seg til jordbruksforetakets drift, blir det dermed opp til foretaket selv – på samme måte som om avløseren hadde vært ansatt i

foretaket – å bestemme hva slags avløsertjenester man har bruk for. Dersom foretaket velger å lønne avløseren selv, må dette ordnes som et arbeidsgiver- /arbeidstakerforhold, og alle relevante typer kostnader knyttet til dette vil kunne refunderes.”

Forslaget opnar for at landbruksføretak kan utføre avløysartenester for kvarandre eller at ein kan få tilgang til rimeleg, utanlandsk arbeidskraft som ein ikkje sjølv har arbeidsgjevaransvar for med auka fare for sosial dumping. Dette kan gjere det vanskeleg for avløysarlaga å konkurrere.

Frå kommunen si side vil vi understreke at avløysarlaget hos oss er til stor hjelp både for søkarane og kommunen. Det kjenner reglane, informerer og hjelper til med søknader og sørger for at søknadene er fullstendige og dokumenterte. Mange har familieavløysing eller anna privat avløysing, og for dei fleste er det viktig at avløysarlaget kan ta arbeidsgjevaransvaret for dei. Vi meiner det vil bli eit stort tap både for søkarane og forvaltinga dersom avløysarlaga forsvinn.

Rådmannen si tilråding:

Kviteseid kommune vil understreke at avløysarlaget (Landbrukstenester Telemark) er viktig for utnyttinga og forvaltinga av avløysarordningane, og vi ber om at avløysarlaga blir sikra levelege vilkår. Ut over det tek vi utkastet til ny forskrift for tilskot til avløysing ved sjukdom mv til etterretning.

Saksprotokoll i Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift - 18.11.2014

Behandling i møtet:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Kviteseid kommune vil understreke at avløysarlaget (Landbrukstenester Telemark) er viktig for utnyttinga og forvaltinga av avløysarordningane, og vi ber om at avløysarlaga blir sikra levelege vilkår. Ut over det tek vi utkastet til ny forskrift for tilskot til avløysing ved sjukdom mv til etterretning.